

NR. 4 -SEPTEMBER 2025

MASFJORDINGEN



Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune



GUDSTENESTER

21.september

Frøyset kyrkje kl.11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov.

Dåp. Kyrkjekaffi. Takkoffer til IKO.

28.september

Solheim kyrkje kl.19:00

Songkveld v/Torbjørn Sæle, Boris Kuprijanov,

Jon Martin Skaug og forsongargruppa.

Nynorske salmar. Enkelt kveldsmåltid. Takkoffer til kulturarbeid i kyrkjene i Masfjorden.

12.oktober

Granneheimen kl.11:00

v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov.

Nattverd. Kyrkjekaffi.

Takkoffer til NMS – Det Norske Misjonsselskap.

26.oktober SUPERSØNDAG

Solheim kyrkje kl.11:00

Frøyset kyrkje kl.13:30

Sandnes kyrkje kl.16:15

Familiegudstenester med utdeling av bøker til 4- og 10-åringane.

v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov.

Dette er avskjedsgudstenestene til Torbjørn Sæle som sokneprest i Masfjorden.

Kyrkjekaffi. Takkoffer til Barne- og ungdomsarbeidet i Masfjorden.

2.november

Sandnes kyrkje kl.11:00

Minnegudsteneste.

v/Helge Hitland og Boris Kuprijanov.

Opplesing av namna på dei døde i Masfjorden siste året. Lystenning.

Nattverd. Kyrkjekaffi. Takkoffer til Kirkens SOS.

9.november

Frøyset kyrkje kl.11:00

Solheim kyrkje kl.14:00

Minnegudsteneste.

v/Helge Hitland og Boris Kuprijanov.

Opplesing av namna på dei døde i Masfjorden siste året. Lystenning.

Nattverd. Kyrkjekaffi. Takkoffer til Kirkens SOS.

Det kan kome endringar.

Oppdatert informasjon om gudstenestene i

Masfjorden finn du i kalenderen på nettsida vår:

www.masfjorden.kyrkja.no

KYRKJELEGE HENDINGAR

DØYPTE:

15.06.2025 Paula Kenigvalde

Frøyset kyrkje

Foreldre: Dina Kenigvalde og Madars Kenigvalde

15.06.2025 Otilie Eiksrud Riisnes

Frøyset kyrkje

Foreldre:

Marte Hagen Eiksrud og Arne Andreas Riisnes

10.08.2025 Falk Langøy Nilsen

Frøyset kyrkje

Foreldre: Marie Langøy og Cato Ellingsen Nilsen

17.08.2025 Sofia Kristina Hjelmeland Aarseth

Sandnes kyrkje

Foreldre:

Benedicte Hjelmeland og John Adam Pádár Aarseth

Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har foreldre og fadrar fått del i eit heilagt ansvar:

Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølve å be og hjelpa dei til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.

DØDSFALL:

28.06.2025 Ingeborg Gurine Molland, f. 1933

20.07.2025 Kristine Elise Kvamsdal, f. 1935

24.07.2025 Ellen Marie Kjetland, f. 1927

24.07.2025 Kirsten Margrethe Storebø Øpstad, f.1947

28.07.2025 Jan Willy Engelsen, f. 1946

25.08.2025 Anna Kvingedal, f.1932

Jesus seier: Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.

Foto framside: Kjersti F. Soltvedt og Sigrun H. Reknes



I år er det 100 år sidan den første nynorske salmeboka kom. Dette vert markert med allsong av nynorske salmar og song ved Jon Martin Skauge på songkveld i Solheim kyrkje 28. september kl. 19.00.

Songkveldane i Solheim kyrkje har tidlegare hausta mange lovord, og forsongargruppa er på plass igjen. Denne søndagskvelden syng vi saman meir eller mindre kjende nynorske salmar frå salmeboka.

Innimellom mange oppdrag og ei lang rekkje konsertar rundt om i ulike kyrkjer, er vi glade for at også Jon Martin Skauge blir med og syng nokre songar for oss. Inspirert av salmen Blott en dag har han laga songen Dag for dag. Til denne har han også fått laga ein musikkvideo nettopp i Solheim kyrkje.

Undervegs i programmet vert det ein pause med enkel kveldsmat. I siste del er det også råd å koma med ein ønskesong eller to. Kva nynorsk salme ønskjer du å synga? Velkommen til nynorsk songkveld!
Tekst: Torbjørn Sæle



MINNEGUDSTENESTER MED LYSTENNING

I kyrkja er det i november ekstra fokus på sorg med helgemesse – eller allehelgen – og ei tid for å minnast våre kjære. Medan det mørknar ute, er dette ei fin tid for å tenna lys på gravene og samlast i kyrkja.

Årets minnegudstenester i Masfjorden er dei to første søndagane i november. Alle er velkomne; barn, ungdom og vaksne, og dei som har mista nokon av sine næraste siste året, er spesielt inviterte. Vi vil minnast dei døde med opplesing av namna og lystenning. I år er det Helge Hitland som vert prest på minnegudstenestene.

Tidspunkta er som følgjer:

- Sandnes kyrkje: Søndag 2. november kl. 11.00
- Frøyset kyrkje: Søndag 9. november kl. 11.00
- Solheim kyrkje: Søndag 9. november kl. 14.00

Tekst og foto: Torbjørn Sæle



Barnas

LABYRINT

Kan du hjelpe guten gjennom labyrinten slik at han kan gi fiskane og brøda sine til Jesus?



Vits

- Veit du kor mykje klokka er?
- Ho er i alle fall ikkje fire.
- Korleis veit du det?
- Jo, for eg skulle vere heime klokka fire, og det er eg jo ikkje.

Teikningar: CLAUDIA CHIARAVAILOTTI

FARGELEGG


Her gir nokon barn to fiskar og fem brød til Jesus. Jesus brukte det til å gi mat til 5000!



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



KRYSSORD

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet.

Du finn Bibelen på internett også! Sjå bibel.no

Bygning i Lukas 2,46

1.




Disippel i Johannes 20,26

2.



Bær i Matteus 7,16

3.



4.



Tal i Matteus 26,15

Landområde i Markus 16,7

5.



Vits

Mannen tok på seg reine sokkar kvar dag. Til slutt fekk han ikkje på seg skoa ...



Søndagsskolen - mer enn du tror

MED TAKK OG GLEDE

Då eg hadde mi første gudsteneste i Masfjorden eit par dagar ut i januar i 2021 i Frøyset kyrkje, var preiketeksten frå Lukas 2,40-52. Den handla om Jesus si ungdomstid, hans vekst og utvikling og vert avslutta med at «Jesus gjekk fram i alder og visdom og var til glede for Gud og menneske.»

Eg tok det med meg som ein inspirasjon - ikkje berre inn i eit nytt år, men også for tenesta mi som prest i Masfjorden. Eg skulle i utgangspunktet vera vikar i eitt år, men enda med ei fast stilling fram til no. I november startar eg i ny jobb som sokneprest på Radøy.

Om eg har fått vera til glede for Gud og menneske, får vera opp til Gud og andre menneske enn meg å vurdere. Men det har i alle fall gjeve meg mykje glede å få møta dykk alle rundt om i Masfjorden desse åra. Til samtalar når eit nytt liv har tatt til og før dåp eller før eit ekteskap skal inngåast. Men også når ein av våre kjære dør og vi samlast i sorga og saknet og i vonde og tunge tider.

Eg tenker med glede på møte med nysgjerrige og interesserte barn, ungdom og konfirmantar, som eg har fått treffa på ulike trusopplæringstiltak og ved utdeling av bøker i kyrkjene. Vi har ledd og bedd på leirar, turar og kyrkjeovernattingar. Og vi har sunge saman og til Gud - på songkveldar i kyrkjene og andaktar og songstunder på sjukeheimen. Så er det dei korte, men ofte gode pratane over ein kopp kaffi (og ofte kake!), på ulike møte, i kyrkjene og ute i friluft, ved fjord og fjell, på kontoret og i lunsjpausar. Med kollegaer, frivillige og andre som høyrer til i kyrkja. Og meir kunne vore nemnd.

Medan Jesus gjekk fram i alder og visdom, hadde han fokus både på jorda og på himmelen. Han var både jordvend og himmelvend. Han kom ned til jorda, møtte menneska på jorda og snakka om å så korn i jorda, og han vendte seg i bøn til sin far i himmelen. Og vi kan få følgja eksempelet hans.

Eg vil oppmoda om å halda fram med å støtta opp om og delta på kyrkja sine tilbod og arrangement.

Og gjerne bidra på ein måte som kan passa deg – enten det er frå kyrkjebenken eller i ei frivillig oppgåve. Ved å gje av tid eller pengar eller med fald hender. Slik kan vi vera med å bidra til ei levande kyrkje der vi bur.

«Med takk og glede» seier vi i kyrkja kvar gong nokon skal bli døypt. No vil eg seia takk for meg. For nesten fem fine år som Masfjordprest Torbjørn. Eg tar dykk med meg i hjartet, i tankar og bønner, og tenker på denne tida med både takk og glede.

Så vil eg avslutta slik vi har sunge saman ved slutten av enkelte gudstenester:

*Må Gud velsigna deg! Må Gud velsigna deg!
Kvart minutt av di tid, kvar ein dag av ditt liv.
Må Gud velsigna deg.*

Torbjørn Sæle, sokneprest

ANDAFTAR HAUSTEN 2025

På Masfjorden sjukeheim

kl. 12.00: Andakt på Arbeidsstova

kl. 12.30: Songstund på Nystova



Følgjande torsdagar:

14. august	16. oktober
4. september	30. oktober
25. september m/nattverd	20. november m/ nattverd

Tysdag 16. desember: **Julekonsert kl. 17**

Onsdag 24. desember: **Julegudsteneste kl. 12**

VELKOMEN!



Sokneprest Torbjørn Sæle
Mobil 95 14 16 85



EIN TRIVELEG SØNDAGSETTERMIDDAG I FRØYSET KYRKJE

Siste ettermiddagen i august vart det halde familiegudsteneste i Frøyset kyrkje. Det vart ei triveleg stund, med godt frammøte. Minst tre generasjonar bygdefolk var representerte og sette sitt positive preg på stunda.

Men det er nok rett å seie at det var den yngre garden som sette mest farge på samværet denne gongen: Dette var tid for utdeling av kyrkjebok til 6-åringane, og at boka – tilliks med nokre vaffelhjarte dei fekk under preika litt seinare – fall i smak, herska det ingen tvil om! Totalt seks av årets førsteklasingar i Nordbygda vart eigar av boka Tre i eit tre denne søndagen.

Det var også kjekt å sjå den store flokken med konfirmantar som denne dagen fekk utdelt noko av det undervisningsmateriellet som dei skal nytte under førebuingstida si. Flokken frå Frøyset tel i år heile femten konfirmantar, og fjorten av dei var til stades i kyrkja denne dagen. Det er all grunn til å ynskje kvar av dei lukke til med førebuingane dei snart skal i gang med.

Tekst og foto:
Rune Garmann



Allsongen som vart reine folkerørsla



Desse to hadde ikkje tid til å vente. Seksårsboka måtte studerast med det same! Foto: Else Iren Westervik



Ein fin gjeng som saman med jamaldringar i Sandnes og Solheim skal ta fatt på konfirmantåret



Westervik syner fram eit bilete som born frå Frøyset har laga på dåpsskulen i vinter

SUPERSØNDAG SOLHEIM OG SANDNES



6-årsbok Solheim kyrkje
Foto: Else Iren Westervik



Konfirmantpresentasjon Solheim
Foto: Liv Øydis Trædal.



6-årsbok Sandnes kyrkje
Foto: Anke Helland



Konfirmantar Sandnes
Foto: Anke Helland



Røffen var med og snakka om vaflar og vennskap i samtalepreika med presten. Foto: Anke Helland

FLOTT IKONUTSTILLING I FRØYSET KYRKJE



I sommar var me så heldige å få ha ei ikonutstilling i Frøyset kyrkje i tida 23.07 - 10.08.

Det er Solrunn Nes som er kunstnaren bak dei flotte ikonmaleria som stod utstilt i kyrkjelydsalen, og ho er ein av dei fremste kunstnarane i Norge på dette området. Opningsdagen, onsdag 23.07, var Solrunn tilstades og heldt eit foredrag om hovudbilda i utstillinga; Rosenkransserien. Denne serien består av 20 flotte ikonmaleri, dei fleste med motiv frå det nye testamentet. Ho tok for seg kvart bilde og fortalde levande om tradisjonen, symbola og kva ho har lagt i kvart bilde. Dette var svært interessant og lærerikt! I tillegg til Rosenkransserien var det og utstilt nokre andre ikon, og det var høve til å kjøpe kunstkort og bøker ho har gjeve ut. Ho var òg på Frøyset siste utstillingsdagen og snakka med folk som såg utstillinga etter gudstenesta.

Me vil takke vår dyktige soknerådsleiar Rune Garmann for arbeidet han har lagt ned i å få denne utstillinga til Masfjorden. Etter det me veit er dette første gang ei slik utstilling har vore arrangert

i Nordhordland. Rune var utstillingsvert dei fleste av dei 13 dagane denne utstillinga var open i sommar, og i tillegg til organiseringa og kontakten med kunstnaren hadde han spesiallaga 20 utstillingsstativ til maleria. Rune Garmann beherskar sjølv denne kunstforma, og de kan sjå eit av hans ikonmaleri som no heng i kyrkjelydsalen i Frøyset.

Me vil òg takke Masfjorden kommune som gav oss kulturmidlar som gjorde denne utstillinga mogleg. Alle som var innom og såg utstillinga let vel, og mange let seg imponere og inspirere av maleria og det som blei fortalt av både Solrunn og Rune.

Tekst og bilde: Eli Eidsnes, kyrkjeverje.

TORBJØRN TAKKAR AV – VI TAKKAR TORBJØRN

Tenesta til Torbjørn var tenkt å vare i eitt år. Ho varde i fem. Og i tida Torbjørn har vore soknepresten vår, har vi sett ei fin utvikling av gudstenestelivet i Masfjorden, med ein monaleg auke i oppslutninga om gudstenestene i kyrkjene våre. Frå 2023 til 2024 var denne auken på heile 40%, og sjølv om ein har sett at oppslutninga om kyrkjelege tilbod generelt er aukande mange stader i landet, er denne auken vi har sett i Masfjorden, noko heilt for seg sjølv.

Truleg kan Torbjørn tilskrivast ein god del av æra for dette. For som prest har han vore open, raus og inkluderande, kort sagt ein person det har vore godt å møte uansett kva møtet måtte handle om. Og han er ein dyktig – og ikkje minst kreativ – formidlar og forkynnar, som bokstaveleg tala evner å spele på fleire strengar.

Med andre ord: I løpet av dei knappe fem åra Torbjørn har vore sokneprest i Masfjorden, har han vorte ein viktig ressursperson i det kyrkjelege livet i kommunen.

Men no er det slutt. I byrjinga av november vil Torbjørn tiltre som sokneprest i Radøy.

«Heldige er dei på Radøy,» var det ein som sa då han fekk høyre kva som skulle skje. Det var nok adskillig fleire som tenkte det.

Siste dagen Torbjørn skal forrette som sokneprest i Masfjorden, vert søndag 26. oktober. Denne dagen er det gudsteneste i alle tre soknekyrkjene. Kl.11:00 i Solheim kyrkje, kl.13:30 i Frøyset kyrkje, og kl.16:15 i Sandnes kyrkje.

Alle stadene vert det lagt opp til ein enkel kyrkje-kaffi etter gudstenesta, der det vil vere høve for dei som måtte ynskje det, å ta ein personleg avskjed med Torbjørn.

Etter gudstenesta i Sandnes kyrkje vert det ei lita samling for Torbjørn med stab, sokneråd og inviterte gjester.



Der vil vi som har samarbeidd tettast med Torbjørn her i Masfjorden, nytte høvet til å takke han av, og å ynskje han lukke til vidare.

Vi veit at vi vil gjere det på vegne av svært mange.

Tekst og foto:
Rune Garmann,
leiar, Masfjorden sokneråd

STATUS FOR KYRKJESTABEN

I ein personalstab vil det som oftast vere nokon som kjem og nokon som går, men heldigvis er det og nokon som blir i fleire år. Slik er det òg her i Masfjorden.

Akkurat denne hausten blir det fleire utskiftingar, og for ein liten stab som vår kan det vere utfordrande. Men av og til er det tilfældighetar som gjer at ein ikkje kjem utanom ein slik situasjon.

Som de ser andre stader i bladet skal vår sokneprest Torbjørn Sæle no over i ny soknepreststilling i Radøy. Prestestillinga i Masfjorden er derfor utlyst. I mellomtida har prosten vår Helge Taranrød laga ein god vikarplan for dei første tre månadane, november, desember og januar. Me vil få hjelp av prestane Helge Hitland, Knut Fr. Sørheim og Øystein Skaug, samt kollegaene vår i nord Bjørn Magne Hansen og Håkon Kinsarvik. I tillegg til Helge Taranrød, som òg vert fungerande sokneprest for Masfjorden. Gravferder vert som vanleg meld enten direkte eller via gravferdsbyrå til kyrkjeverje Eli Eidsnes.

Det siste året har me hatt to flinke arbeidarar i vikarstillingar som trusopplærar og konfirmant-arbeidar. Desse stillingane blei i vår utlyst som faste stillingar, men det har ikkje lykkast oss å få på plass nye medarbeidarar på fast basis.

Me vil takke Else Iren Westervik for tida ho vikarierte i trusopplæringsstillinga, med særleg ansvar for tilbodet til borna, og ynskje ho lykke til i ny stilling i Modalen. Me er glade for at Else Iren held fram som dirigent for barnekoret vårt som øver i Sandnes kyrkje.

Alf Holmaas Helland har gjort eit flott arbeid med konfirmantane, og han vil fortsetje med dette ut oktober. Han har sagt opp stillinga, og det vert Halvard Werner Gullaksen som overtar konfirmant-medarbeidarstillinga resten av konfirmantåret 25/26. Hanne-Marit Neverdal er soknerådet sin konfirmant-kontakt. Ho blir eit bindeledd mellom kyrkja og konfirmantheimane, og støtte for staben som jobbar med konfirmantarbeidet.

Det er òg litt skifte ved Frøyset kyrkje. Der har Anke Helland hatt jobben som kyrkjetenar og klokkar. Ho har sagt opp, og frå 1.september tok Tetiana Puliaieva over kyrkjetenarstillinga der. Tetiana er òg sekretær på kyrkjekontoret i ei prosjektstilling. Klokkestillinga på Frøyset er framleis ledig.

Boris Kuprijanov har signert ny vikaravtale fram til neste sommar, og me er glade for å ha vår flike organist med vidare. Mange gler seg over den vakre musikken han tryllar fram på orgel og piano i kyrkjene våre.

Elles består staben vår av kyrkjeverje Eli Eidsnes, kyrkjegardsarbeidar Remi Kallekleiv og kyrkjetenar ved Granneheimen Elbjørg Mjanger. Alle desse fortset som vanleg i sine stillingar. Me fortset og det gode samarbeidet med Sandnes skulemusikk om leige av kyrkjetenar/klokke-teneste på Sandnes. Og med Solheim helselag ved Marit Steinestø og Åse Marit Kalhovd som gjer teneste som kyrkjetenar/klokke i Solheim kyrkje. Dette er eit samarbeid som fungerer godt og me er glade for å ha vidare.

Vær gjerne med å be for staben i kyrkja i Masfjorden, og for rekruttering av nye medarbeidarar til både prest og trusopplærarstillinga.

Om du eller nokon du kjenner kan fylle desse stillingane eller har lyst å hjelpe til med arbeidet blant barn og unge eller klokkeartenesta på Frøyset, er det fint om du tar kontakt med kyrkjeverja.

Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjeverje

OLSOKFEIRING PÅ FJON FJELLKYRKJE



Datoen 29. juli hadde eg for lenge sidan merka av på kalenderen, og endå me var ute i god tid før kl.19, var det alt mange bilar på parkeringsplassen denne fine sommarkvelden. Rundt 120 personar møtte opp. Lindås sokn hadde saman med styret for Fjon fjellkyrkje ansvaret for opplegget i år. Olsok (Olavsvaka) markerer Den norske kyrkja til minne om Olav Haraldson som fall i slaget på Stiklestad år 1030, og det denne hendinga fekk å seia for innføring av kristendommen i Noreg. Ole Marton Ølberg hadde prestetenesta, Ove I. B. Danielsen var pianist, og Victoria Fjellanger spelte på flygelhorn. Ho er eit ungt talent som spelar med dei beste korpsa i Nordhordland, og også tar del i gudstenester. Elles er møte-lyden helst av den eldre garde, men like fullt er det kjekt å møta «gamle kjende» og gjerne helsa på og prata med ukjende folk frå andre bygder. Som regel har me felles kjende. Det er godt å lytta til tale, ta del i salmesong og bøn og takk for folk og land. Rømmegraut, spekemat, kaffi og kaker smaka godt, og «kelnarane» var blide og hjelpsame. Og ein omgong med åresal er eit fast innslag. Saman med

betaling for maten vert dette ein fin sum til drift av huset, i år eit overskot på vel 27 000 kr.

Sluttsalmen var «Fagert er landet», og eg tek med siste verset:

*«Signa då Gud, vårt folk og land,
signa vårt strev og vår møde,
signa kvar ærleg arbeidshand,
signa vår åker med grøde!
Gud, utan deg den vesle urt
veiknar og visnar, bleiknar bort,
ver du oss ljuset og livet!»*

Tekst: Eldbjørg Mjanger
Foto: Eli Eidsnes



MIN SALME

Då eg kjørte til jobb og tenkte på kva salme eg skulle velge til denne teksten, fall tanken min på «Eg faldar mine hender små» av Thorbjørn Egner.

Det er salme nr 731 i Norsk Salmebok. Det er for meg ein trygg og god song som mamma alltid sang til meg på sengekanten før eg skulle sove, då eg var lita.

Det å alltid vete kva song som kom når eg skulle sove trur eg har gjeve meg ein trygghet i barndommen min. Forutsigbarheit.

Eg hadde den friskt i minne, då me song den på Supersøndag i Solheim kyrkje i slutten av august. Ein song som tek med seg alle og er inkluderande. Den held på håpet og tryggheten som me alle treng.

Anbjørg Dyrhovden



Teksten vart skriven av Thorbjørn Egner i 1948 og Halldis Moren Vesaas kom med den nynorske omsetjinga same året.

*Eg faldar mine hender små
i takk og bøn til deg.
Lat alle barn i verda
få det like godt som eg.*

*Vern alle med di sterke hand
mot fattigdom og død,
og hjelp små barn i alle land,
og gje dei dagleg brød.*

*Lat ikkje krig og svolt og sott
få rive lykka ned.
Lat alle leve trygt og godt
i fridom og i fred.*

VEDLIKEHALD AV KYRKJER OG GRAVPLASSAR

I Masfjorden har me tre kyrkjer med gravplassar i tillegg til tre hjelpegravplassar. Dette er gamle plassar og bygg som heile tida krev vedlikehald. Og til dette trengst det arbeidsfolk, pengar og høveleg vêr. Og fleire av desse tinga har det til tider skorta på. Men i sommar er det gledeleg at me fekk både høveleg vêr og folk til ein del av dei nødvendige jobbane.

På Hosteland gravplass var det behov for vask, skraping og maling av gjerde, klokketårn og inngangsportal. Det var og sterkt behov for å få fjerne mose på taka både på klokketårnet og inngangspartiet. Hogne Birkeland tok på seg ansvaret for arbeidet der, og er no snart ferdig med jobben. Han fekk god hjelp to-tre solskinsdagar av ungdomane Lars Manfred Nordland Kvinge Tvedt og Lars Martin Kjemphol Dahl som malte delar av gjerdet. Det er kjekt at det igjen er fine kvite bygningar og gjerde på Hosteland. Det vil og i haust bli beskore ein del på dei store trea.

Me har over fleire år fått gjort litt og litt vedlikehald ved Frøyset kyrkje og gravplass. Mykje regn dei siste somrane har gjort at det var vanskeleg å få fullført alt ein hadde satt i gang. Men i år fekk me ein betre sommar, og me leigde Serhii Piatnytskyi som bur på Sandnes til å gjere ein del arbeid med reingjering og maling på bygg og gjerder der. I tillegg har snikkar Lars Helge Haugsdal hjelpt til med diverse småreparasjonar både der og andre plassar i soknet.

På Solheim kyrkje hadde skit festa seg utvendig på kyrkja over nokre år, og det var kjekt å få leigd eit firma til å vaske heile fasaden på kyrkja, i tillegg til delar av gjerdet rundt. Me fekk òg malt delar av ein gavlvegg. Det er kjekt å sjå at Solheim kyrkje igjen skin slik ho skal der ho ligg så fint til. Kyrkjegardsarbeidaren vår Remi har òg fått gjort reint på veggane til bårhuset, så no ser det betre ut på Solheim.

Det er «godt med alt som er gjort» sa mora mi alltid, og det synest eg òg denne sommaren. Men sjølvsaugt er det mykje som og står att, og nye ting som kjem til. Men tar me litt og litt heile tida blir det ikkje så verst. Så får me håpa på tenleg vêr, pengar frå kommunen og villige folk til arbeidet også neste sommar.

Takk til dei me har leigd inn denne sommaren, og til dei faste som gjer sitt beste heile tida.

Tekst og foto: Eli Eidsnes, kyrkjeverje



SOKNERÅDSPRATEN MED AINA SLEIRE

I vårt ynskje om å bli betre kjent og få presentert soknerådsmedlemmane våre for lesarane av «Masfjordingen», er no turen kome til Aina Sleire. Sjølv om det er blitt kveld tar eg sjansen på å slå på tråen, og møter ei blid Aina på telefonen. Etter den fine samtalen køyrer eg oppløfta heim frå kontoret og tenker; så kjekt å få bli betre kjent med Aina, og så godt at ho er ein av dei gode medlemmene i soknerådet. Kjære lesar, no er det din tur å bli litt betre kjent med ho.

Aina Sleire (50) bur på Duesundøyna og mange kjenner ho nok som taxisjåfør, då ho til dagleg både er sjåfør og administrator for Masfjorden taxisentral. Når eg spør om fritidsaktivitetar fortel ho at korps har vore ein viktig hobby gjennom heile livet.

– Eg spelar euphonium og til tider bass i Fjon musikklag, eg har og vore støtte for Nordbygda skulekorps opp gjennom åra. Det er kjekt å spele i korps, seier Aina.

– Eg har alltid har vore engasjert i lag og organisasjonar, vore med i idrettslaget, leiar for samfunns- huset osv. Men det er vanskelegare å finne tid til alt no.

Ved sist kommuneval vart eg og valt inn i kommune- styret. Og så tar det sjølvstund og litt tid å være beste- mor, når ein har to barnebarn på 5 og 3 år som bur på Sleire.

Kva er så motivasjonen din til å bli med i soknerådet?, lurar eg på.

– Eg hadde vel venta at eg kom til å bli spurt ein gong, men då eg blei kontakta, kom det likevel litt brått på, ler ho.

– Men motivasjonen er at eg ynskjer å være med å ta eit ansvar for kyrkja i Masfjorden. I soknerådet kan eg være med å påverke i saker som gjeld kyrkja, og eg synest det har vore flotte møte som det er kjekt å vere med på.

Kva betyr kyrkja for deg? Og kva tenkjer du om kyrkja sin plass i samfunnet vårt?

– Kyrkja betyr mykje for meg. Det er ein viktig samlingsplass i både triste og glade anledningar. For eit år sidan mista eg bror min Morten brått og

brutalt, og sorga var stor. Men eg finn trøyst og tilhøyrslø i kyrkja. Spesielt godt har det vore å kome til kyrkja i Strandebarm der bror min er gravlagt. Det er fint å besøkje grava hans der og eg trur grav- plassane rundt om har stor betydning for folk som har mista ein av sine. Elles tenkjer eg på kyrkja som ein flott og viktig kulturarena. Det er ein annan atmosfære når ein konsert er lagt til kyrkja, noko eg likar godt. Kyrkja er rett og slett viktig i lokal- samfunnet vårt, noko me må ta vare på, seier Aina.



Kva bør kyrkja i Masfjorden satse på framover?

– Som sagt tenker eg at det er fint med kulturarrange- ment i kyrkja. Så eg ynskjer at me skal leggje til rette for enda fleire kulturarrangement. Kanskje me og kan få til noko som kan passe for ungdomen?

Elles skulle eg ynskje at det kunne vore meir opne kyrkjer i Norge, men er klar over at det ikkje alltid er så lett praktisk. Men kyrkja er ein fin plass for å finne ro og inspirasjon, kanskje lettare å oppsøkje om ein kunne gå der til alle tider?

Så tenkjer eg at å møte dei eldre er viktig, og synest det er flott at prest og organist besøkje sjukeheimen 1-2 gongar i månaden med andakt/songstund. Kunne me og vore med og hjelpt dei eldre som bur rundt om å kome seg til kyrkja ville det gjerne ha vore ein fin ting. I det heile å få folk til å bli med på ting som skjer i kyrkja er viktig.

Har du eit godt møte eller minne med kyrkja som du vil fortelje om?

– Eg har fleire gode minne frå kyrkja. No i tida etter at broren min døde kan eg finne trøyst i kyrkja, og det er godt. Det var fint å få være på minnegudstenesta på helgemessesøndag etter at Mor- ten døde.

Kva salme syng du helst i kyrkja?

– Det er så mange fine salmar, svara Aina og legg til:
– Og spesielt kjekt har det vore å spela i kyrkja med korpset opp gjennom åra. Då har me spelt fleire ulike salmar. Og eg tar meg i å gå å nynne på ein salme rett som det er. Ein salme som har gått i generasjonar hos oss er «Kjære Gud, eg har det godt». Dette var kveldssongen foreldra mine song til meg og søstera mi då me vaks opp. Då eg fekk dottera mi Juna i 1994 song eg denne songen til ho opp gjennom åra. Og no er det ho som syng den til sine to jenter når dei skal sove. Når så barnebarna kjem på besøk til meg seier dei at no skal me vel syngje nattsongen? Og då er bestemor klar veit du, eg synest denne songen er flott.

*Kjære Gud, eg har det godt
Takk for alt som eg har fått.
Du held av meg, du er hjå meg.
Takk at du går aldri frå meg!
Sjå til liten og til stor!
Du må vara far og mor!
Og alle barn på jord. Amen.*

Takk Aina for praten og for arbeidet du gjer i soknerådet!

Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjevevje

Foto: privat

EI GÅVE TIL FRØYSET KYRKJE


Det er ikkje ofte ein kan sjå eitt og same bygget både frå innsida og utsida – samstundes.

Men i Frøyset kyrkje sin kyrkjelydssal kan ein akkurat det, for der er det no hengt opp eit flott fotografi av kyrkja, teke av John Martin Lindebotten. Og han har bestemt at dette biletet skal vere ei gåve til Frøyset kyrkje.

John Martin har i mange år vore ein ivrig amatør-fotograf, og han har gjennom åra funne og foreviga mange motiv på

og kring Frøyset, der han vaks opp. Akkurat dette fotografiet er teke i mars 2005, og syner kyrkja i eit landskap der snøen enno ikkje har villa sleppe taket.

Og no har altså biletet fått plass på vestveggen i kyrkjelydssalen i Frøyset kyrkje, til glede for kvar og ein som måtte kome innom der.



Takk til John Martin for denne rause gåva!

Tekst og foto: Rune Garmann,
for Masfjorden sokneråd

EI STJERNESTUND PÅ DAGSTURHYTTA



Onsdag 3. september hadde Pensjonistforbundet Masfjordnes lagt seniorsamlinga til dagsturhytta på Kvingo. Det er friluftslivet sitt år i år, og det ville me markera. Me hadde eigentleg tenkt oss dit i juni, men då måtte me gje tapt for dårleg ver. Opplegget var enkelt. Me skulle på tur, gå og prata, grilla pølser og nyta ein haustdag ute. Det var høve til båtskyss for dei som trong det.

Me møttest på parkeringsplassane på Nord-Kvingo kl. 11.00, og gledde oss over sol og fint ver. Vegen til dagsturhytta er godt tilrettelagt og fin å gå. Hytta ligg på ein veldig fin stad. Det lukta godt då me kom fram! Fortroppen hadde vore tidleg ute og fyrte opp i bålpanna, sola skein og mygg og smikke heldt seg vekke. Me fann oss vel til rette og slo oss ned ute.

Bjørn Rune Kvinge gav oss ei god orientering om lokalhistoria på Kvingo, og bruken av området der hytta ligg. Me hadde også med oss fysioterapeut Sveinung Hope. Han snakka om kor viktig aktivitet og enkel trening er, og me fekk med oss eit hefte med gode øvingar som ein kan gjera heime. Vår faste

trubadur, Terje Rasdal, hadde med gitaren, og det var hyggeleg med visesong og allsong i friluft.

Ingen god tur utan kaffi og niste. Berit grilla pølser, Kjellaug hadde med ei stor heimebakt kringle og det var rikeleg med lefse, kaffi og vatn. Gjesteboka gjekk på rundgang, praten gjekk lett og hytta vart inspisert og rost opp i skyene. Det vart nokre kjekke timar i godt selskap før me rigga ned og sløkte bålpanna og rusla attende til bilane våre.

Vel 30 personar var med på turen- og alle gav uttrykk for at dette hadde vore ein kjekk dag!

Tekst: Lovisa Midtbø

Foto: Frank Kvinge

ROSA SLØYFE, MASFJORDEN ADDITION



Rosa boks, tur i terrenget og perlearmband kjenneteiknar vårt lokale Rosa sløyfe-arrangement. I år vart det lagt til stafettløp og sal av rosa sløyfe-panneband strikka av ivrige, frivillige hender. Kanskje det var det årets siste sommardag, denne første lørdagen i september?

Det var Nordbygda sin tur til å ha Rosa sløyfe, med god hjelp frå Nordbygda helselag. Arrangementet er denne gangen ein del av friluftslivets veke, som skal motivera og inspirera folk flest til å vera meir ute i naturen.

Då passa det bra med quiz i trimløypa, laga av helselaget. Fuck cancer-armbanda fekk bein å gå på, og mange prøvde seg på den rosa «tidspress» - boksen. Helselaget sørger for pølse i brød og vaflar, og Rosa Raketter tok sigeren i den første stafetten, Masfjorden Arbeiderparti tok innersvingen på

Masfjorden Høgre, og i siste stafetten måtte ein hatt målfoto for å sjå kven som vann av Helselaget mot Hagenissane.

Dei andre laga som sprang var Sukkerspinn, Hosteland/Reknes og MBA, som alle gjorde ein strålande innsats i stafetten!

Me har fått inn fantastiske 75 000 kroner, rekordmykje pengar frå vår vesle, lokale innsats!

Tekst og foto:

Sigrun Haugsdal Reknes og Hege Molland Søvik

PENSJONISTTUR TIL HERDLA



I dag har me i Indre Masfjorden pensjonistlag vore på tur til Herdla. Me starta i nydeleg ver og etter vel to timar var me framme. Me var 34 personar i reisefølget og vart tekne imot av ein entusiastisk museumsvert.

Me fekk servert kaffi og rundstykke og ei kort orientering om dagsplanen.

Først gjekk turen til sjøen og inn i ein tunnel der det var lagra mange torpedoar. Etter krigen nytta Forsvaret staden til øvingsområde. Me fekk sjå korleis soldatane levde i korte periodar under øvingane. Me fekk høyra at folket på Herdla måtte evakuera då tyskarane tok over staden.

Dei reiv kyrkjetårnet og brukte kyrkja som hestestall. Flyplassen dei laga er no overteken av kyr som gjekk fredeleg og beita. Det er ein bonde på Herdla og garden er rekna for å vera av dei største i Hordaland.

På det meste var det 1100 soldatar på Herdla. Folket hadde sagt at det var vanskeleg å flytta, men nesten verre å komma tilbake å sjå kor tyskarane hadde herja. Me fekk sjå flyet som styrta ved Misje/Turøy og som 60 år etter vart funne og restaurert.

Herdla er også eit naturreservat der det er observert 250 fuglearter. I andre etasje av museet er det fuglekikkerter der ein kan sjå og observera.

Me avslutta opphaldet på Herdla med middag på Biologen restaurant som ligg flott til ved sjøen. Bjørnar fortalde litt frå tida han budde på Askøy.

Så var det turen heim. Me hadde ein stødig og kjekk sjåfør frå Brekke. Han hadde og hatt ein fin tur. Han sa at me var kjekke og greie passasjerar og han ville gjerne reisa på tur med oss fleire gongar.

Tekst og foto: Torill Kristoffersen

HAR DU EIT PIANO SOM TRENG Å STEMMAST?

Det kjem pianostemmar til Masfjorden i oktober. Kulturskulen samordnar stemminga slik at stemmaren får effektive dagar her hjå oss.

Send melding til kulturskulen@masfjorden.kommune.no eller 970 61 230 om du ønskjer stemmar på besøk.



MUSIKALSKE MØTE I SANDNES KYRKJE



Denne varme seinsommarkvelden var Sandnes kyrkje fylt av eit rikt spekter av klangar – frå den intime samtalen mellom fløyte og piano, til varm korsong og glitrande kornettonar frå ein ung, lokal solist.

Duoen Rune Alver (flygel) og Amalie Duesund (fløyte) tok publikum med på ei musikalsk reise frå barokken og Bach til Grieg sine lyriske stemningar, via franske impresjonistar og norske folketonar.

Informative og artige introduksjonar gjorde det lett for oss i publikum å følgja og forstå musikken som vart framført.

Undervegs i konserten deltok songkoret Spleis, under leiing av Boris Kuprijanov, med vakker og kraftfull song i ein religiøs folketone og den flotte songen Why we sing. Emil August Reknes Larsen (kornett) på 11 år fekk velfortent trampeklapp for si nydelege framføring av Torstein Aagaard-Nilsen sitt spanande arrangement av Eg veit i himmelrik ei borg, akkompagnert av mor Anne Merethe Reknes på orgel.



Dette er ein kar me gler oss til å få høyra meir av!

Konserten vart avslutta med fellesnummer der alle aktørane framførte Anthem frå musikalen Chess. Framføringa vart ei mektig avslutning på ein konsert der publikum fekk oppleve vakre og musikalske møte mellom profesjonelle og amatørar, generasjonar, sjangrar og uttrykk.

Tekst: Frank Kvinge

Foto: Mary Hope

VIL DU VERE MED I MASFJORDEN KOMMUNE SITT UNGDOMSRÅD?

Masfjorden ungdomsråd er på jakt etter engasjerte ungdommar mellom 13 -19 år som vil medverke i saker som gjeld ungdommane i kommunen vår.

Ungdomsrådet har åtte representantar frå alle tre krinsane i kommunen. Ungdomsrådet skal uttale seg i saker som gjeld ungdom. Rådet kan også ta opp saker på eige initiativ. Medlemene sit i rådet i to år, og der er om lag fem møte i denne perioden. Det vert gitt fritak frå undervisning for å vere med på møta, og det vert lagt til rette for at medlemmer som bur vekk på hybel kan stille.

Tenkjer du at dette kan vere noko for deg? Søknadsskjema om å vere medlem i ungdomsrådet finn du på heimesida til



Masfjorden kommune. Søknadsfrist er 12. oktober. Har du spørsmål om ungdomsrådet eller korleis du skal søkje? Kontakt Wenche Daa, 56166241 / 95765375. Les meir om ungdomsrådet på Masfjorden kommune si heimeside.

Tekst: Wenche Daa, foto: Sigrun Haugsdal Reknes

SJÅ KOR FINT DET ER VORTE!

I sommar har det blitt gjort ei oppgradering/ ombygging i bakhagen på sjukeheimen. Me har no fått eit stort uteområde med flotte plantar, og mykje ugras er bytta ut med enkle blomsterkassar.

Det er og kome på plass hagemøblar som er meir brukarvenlege både for dei som bur her og dei som besøker oss. I tillegg er vedlikehaldet enklare. Her gleder me oss til både konsertar og grilling og ikkje minst sosialt møtepunkt for både pårørende og dei som bur her. SJÅ kor fint det er vorte!!

Tekst og foto:
Aud Berit Sleire, leiar Masfjorden sjukeheim



INFORMASJONSSKJERM

Masfjorden kommune er i gang med innkjøp av informasjonsskjermer som skal henge på dei tre største butikkane i kommunen. Skjermene vil vise aktuelle nyheiter frå kommunen, samt informasjon om kommande arrangement.

For å få denne nye informasjonsmetoden til å fungere optimalt, treng me hjelp frå våre frivillige lag og organisasjonar.

Kommunikasjonsrådgjevar Sigrun Haugsdal Reknes og frivilligkoordinator Kristin K Rasch har den siste tida hatt møte med leiar eller medieansvarleg i dei ulike lag og organisasjonar i kommunen. På møta diskuterte me kva som må til for at me skal få denne informasjonsmetoden til å fungere. Her krevst det eit samarbeid mellom kommune og lag og organisasjon.

Informasjon i lomma

Med denne informasjonsskjermen følger det og med ein app til smarttelefonar. Ein lastar ned appen «infoskjermen» og kan sitte heime i stova eller på solsenga i syden å sjå kva som skjer av aktivitetar eller hendingar i kommunen. Me håpar me med denne funksjonen vil nå ut til fleire, håpet er å nå ungdommen, og.

Når me har fått installert infoskjermen kan frivilligkoordinator ha samlingar der ein får hjelp til nedlasting og opplæring i korleis appen fungerer.

Gode grunnar til at me satsar på informasjonsskjermer:

- Ein får ut informasjon om aktivitetar og arrangement til alle innbyggjarar.
- Det er eit godt oppslagsverk når de skal lage til eit arrangement - sjekk at det ikkje allereie skjer noko som kolliderer med planane dine.
- Informasjons-appen. Den kan innbyggjarar laste ned, og få informasjonen direkte på mobilen. Med dette håpar me å nå ut til fleire, kanskje særleg ungdommar.
- Dersom det kjem nye innbyggjarar til bygda er det ein flott måte å inkludere dei på. Med oppdatert informasjon på skjerm vert det lett å orientera seg om kva som skjer i nærmiljøet, og kanskje de får rekruttert nokre nye medlemmer?



- Ein ny og for mange betre måte å informera ut om arrangement.
- Mykje av det de lagar til er til interesse for fleire enn berre medlemmer av dykkar eige lag/organisasjon. Det kan vere vanskeleg for andre å fange opp informasjon om arrangement - dette håpar me å få betra!

Tekst: Sigrun Hausdal Reknes og Kristin Kvamme Rasch

Foto: Illustrasjonsfoto, med motiv frå Hyllestad sin infoskjerm-app. Me har henta god inspirasjon frå Hyllestad i prosessen med infoskjermer.

KJEKT MED EIGA KUNSTUTSTILLING



Siste helga i august slo Berit Lygre til med eiga kunstutstilling i Nordhordland kunstlag sine lokale i Alversund. Utstillinga var tredelt og var sett saman av teikningar, maleri og tekstilbilete.

kulturskulen@masfjorden.kommune.no

Tekst og foto: Frank Kvinge

-Eg er heilt overvelda og takksam over responsen eg har fått, seier Berit etter at utstillinga er avslutta søndags ettermiddag.

Berit har opp gjennom åra delteke på fleire utstillingar, men det er første gongen ho har utstilling heilt åleine. -Før opninga var eg svært spent på korleis dette skulle gå, men no i ettertid synest eg det berre var veldig kjekt å ha utstilling.

130 personar var innom, og dei gledde seg over alle dei flotte kunstverka. Til opning var det musikalske innslag med mannen Terje og «tantebarnet» Karen Margrete.

Mange nytta høvet til å kjøpa dei flotte kunstverka. I tillegg hadde utstillaren laga ein god del kunstkort med motiv av kunstverka i utstillinga.- Dei gjekk eg heilt tom for, seier Berit og ler.

I haust er Berit lærar på kurs i biletskaping i regi av kulturskulen. Kurset startar opp tysdag 23.september kl 18-20 på Sandnes skule. Det er nokre ledige plassar på kurset, så meld deg på om du har ein liten kunstnar inni deg og har lyst til å læra om biletskaping.



MASFJORDEN KOMMUNE

Kulturskulen



Bli med på kurs i

BILETSKAPING

Kurset er for ungdomsskuleelevar og vaksne.

Lærer: Berit Lygre

Stad: Sandnes skule, formingsrom.

Dag&tid: Tysdagar kl. 18-20

Det vil bli ni samlingar i haust og ni samlingar til våren.

Møtedatoar i haust:

september: 23. - 30.

oktober: 14.- 21. - 28.

november: 4. -11. -18.- 25.

Kurset er i regi av kulturskulen og ein betaler standard kursavgift dit.

Les på

[Masfjorden kommune - Masfjorden kulturskule](https://www.masfjorden.kommune.no/kulturskule)

Påmelding

kulturskulen@masfjorden.kommune.no

innan 5.september

Påmelde vil få tilsendt nærare informasjon.

Spørsmål: Ta kontakt med Frank på 970 61 230

Helsing kulturskulen

Velkomensommedlem i Masfjorden sogelag



"Styret i Masfjorden sogelag, Wenke Ekren, Aud-Helen Virkesdal Daae, Laila Haukeland, Jarle Rønhovd og Sveinung Hope inviterer til teikning av medlemskap i sogelaget.

"Det er om å gjera å sjå".

Kva ser me etter, der me leitar?

Det finst mange merke etter flittige arbeidshender i Masfjorden på kistebotnar, i naust og løer.

Leitar me ute har mosen grodd over, så me nesten ikkje legg merke til det, lenger.

Masfjorden sogelag har eit mål om å auka vår felles interesse for dei som levde i våre bygder i ei anna tid, deira liv og lagnad.

Dersom du deler denne interessa er Masfjorden sogelag laget for deg.

Teikn deg som medlem i Masfjorden sogelag!
Eitt års medlemskap kostar kr. 100,- .

Meld deg inn ved å betala til kontonummeret vårt, 3632.60.84128.

Ver god og skriv namnet til den/dei som ønskjer å skriva seg inn i sogelaget i meldingsfeltet, dersom nettbank vert nytta.

Med venleg helsing,
styret i Masfjorden sogelag."

*Fest for
alle pensjonistar*

*på Fjon grendahus
tysdag 1. oktober kl. 13.30
(Ferje frå Duesund kl. 13.00)*

*Eldredagen
i Masfjorden*

*Variert program og tid til å snakke
Festtale ved Frode Skag Storheim
Song og musikk
Innslag ved kulturskuleelevar
Utdeling av Eldrepreisen
Allsong
Middag m/dessert, kaffi og kaker
Kr. 400,- pr. pers.*

Påmelding innan 24. september til:

Helga Hodne: Tlf. 992 42 162

Marit Steinestø: Tlf. 959 43 709

Ivar Haukeland: Tlf. 481 15 031

Arr. Masfjorden eldreråd



**TIL ALLE DERE SOM HAR
STØTTET ÅRETS DEMENSAKSJON**

*Tusen hjertelig
takke*

**BARE
FORSKNING
KAN STOPPE
DEMENSI**



KJETLANDSDALEN OPP 2025

53 spreke deltakarar tok turen til årets motbakkeløp.

Etter ein litt grå morgon letta regnet og når startskotet gjekk var det perfekte løpeforhold.

Løpet starta på Kjetland og enda ved Dalsætra inst i Kjetlandsdalen. Ved målgang vart deltakarane møtt med saft, kaffi, lappar og muffins. Etter løpet var det premieutdeling. Det var stor stemning!

Tekst og foto: Silje Vågseth Kjetland



UT PÅ TUR ALDRI SUR!

Ungdomsskulen på Matre starta friluftslivets veka med å nytta naturen. Dei vart delt opp i mindre grupper, og samarbeida om å sankta brennbart materiale til sitt eige bål, på turen fram til bålplassen. Fleire hadde god erfaring med dette, og fekk raskt fyr i både never og tørre småkvistar. Då det brann godt i båla, kunne dei starta på matlaginga. Dagens rett var Pakistansk omelett, knytt til å smaka "turmat frå heile verda". Det vart knekt egg, hakka raudløk, spinat, og krydra med spisskummen, gurkemeie, korriander, chilipulver og andre godsaker. Då røra vart tømt i pannene lukta det straks herleg i skogen. Stemninga var triveleg, og alle putla med sitt. Ungdommane kosa seg med maten, vaska av fata sine i elva, rydda, og returnerte til skulen.

Tekst og foto:
Silje Vågseth Kjetland



SKULETUR TIL LITLEMATRESTØLEN



Mellomsteget på Matre skule nytta finvêret etter oppstart av nytt skuleår til ein dagstur til Litlematrestølen. Her blei det padling, roing, fiske, leik i elva, blåbærplukking og historieforteljing frå Grete Nyhavn.

Elevane fekk høyra om kva som skjedde i området for 80 år sidan. Me gjekk alle ein tur opp til minnesmerket, der nordmannen Johan Hansen Gatland mista livet. Det var ein fin dag å minnast nordmennene som kjempa for fred for 80 år sidan.

Tekst og foto: Helga Nyhavn Matre

KARTLEGGING

Masfjorden kommune /Masfjorden frivilligsentral har hatt ute ei kartlegging av behov for frivillig hjelp knytt til frivillig praktisk hjelp, sosiale oppdrag og følgeteneste i kommunen.

Tusen takk til deg som har svart på kartlegginga. Me ser at det er behov for frivillig hjelp over heile kommunen. Frivilligsentralen jobbar no med å kontakte dei som har svart på kartlegginga.

Ulike behov

I kartlegginga kjem det fram behov for praktisk hjelp som enkelt hagearbeid, skifte luspære, måke snø, m.m.

I sosiale oppdrag er det behov for besøksven, kopp kaffi- og ein prat-ven, tur, følgje-ven gjerne til frisør og liknande.

Vil du bidra?

Som frivillig bidreg du til ein forskjell i kvardagen for andre.

I Masfjorden har me fleire innbyggjarar, både kvinner og menn som treng ei ekstra hand - kanskje du vil bidra? Tenkjer du no at, ja, eg har litt tid til overs, og ønskjer å glede og hjelpe andre som treng ei ekstra hjelpande hand, så kan du ta kontakt med frivilligkoordinator

Kristin K Rasch 901 04 139 eller gå inn på: Heimesida til Masfjorden kommune -www.masfjorden.kommune.no, og rull deg ned til det blå feltet heilt nede på sida. Der finn du lenke til Frivilligsentralen i Masfjorden. Der er det lagt til ei eiga rute for å melde seg som frivillig til praktisk hjelp.

Tekst: Kristin Kvamme Rasch, frivilligkoordinator

Å GJERE NOKO FOR ANDRE GJER NOKO MED DEG!



Å vere frivillig betyr å gjere noko for andre, noko for samfunnet, noko for miljøet eller rett og slett fordi det er gøy!

Visjonen og slagordet til Masfjorden kommune er:
«Ein kommune me er stolte av»

Det skal masfjordingane vere, stolte! I Masfjorden har me eit kulturliv og frivillig- innsats av høg kvalitet, mangfald og breidde som gjev tilbod til veldig mange.

No er hausten her og mange av dei fantastiske flotte og engasjerte frivillige -og frivillige lag og organisasjonar har planlagt eller driv flotte aktivitetar som skal gjennomførast i år og neste år i kommunen vår. Dette gjer dei frivillig, for å skape kjekke og sosiale aktivitetar i lokalsamfunnet. Det er viktig å ta godt vare på dei tradisjonelle arrangementa og aktivitetane, men gjerne og skapa nye. Dette gjev trivsel for alle i kommunen.

Det er då viktig at me som er så heldige å bli invitert til desse tilboda nyttar oss av dei. Sjølvsaugt greier me ikkje å vere med på alt, men me håpar at me med nye informasjonsskjermar kan få meir oversikt over alle dei flotte arrangementa rundt om i kommunen vår.

Det er mange måtar å vere frivillig på

Frivillig kan vere ei enkelståande frivillig eldsjel eller ein kan vere medlem i eit lag.

Det som er veldig kjekt er når enkelståande frivillige og lag kan samarbeide på tvers, og gjerne i samarbeid med kommunen.

Eit godt døme på eit slikt arrangement er Rosa sløyfe-aksjonen som gjekk av stabelen ved idrettsbana på Hosteland i september. Her er det to flotte eldsjeler som engasjerer seg i ei viktig sak som støttar livsviktig forskning på brystkreft.

Arrangementet er blitt ein tradisjon der dei enkeltståande frivillige samarbeider med helselaga i kommunen. Frivilligsentralen har dei to siste åra og

vore involvert. Eit kjempeflott arrangement som folk i Masfjorden er heilt fantastiske til å støtte opp om. Og arrangementet er prega av latter og smil - og aktivitetar for alle aldersgrupper.

Eit anna flott døme på frivillig arbeid er Demensaksjon 2025 på Haugsværtunet som var 13.september. Her samarbeidde helselaga i Indre Masfjorden om ei utruleg viktig sak som berører mange i samfunnet.

Det frivillige arbeidet blømer i Masfjorden!
Tusen takk for den innsatsen du som frivillig gjer for dei som bur i kommunen vår.

Tekst og foto:

Kristin Kvamme Rasch, frivilligkoordinator

E-sport

Nyleg starta det opp e-sportklubb i Masfjorden. Klubben har i samarbeid med kommunen fått innreia rom på Sandnes skule. Klubben vil ha faste sosiale spelekvelevar kvar tysdag framover, delt opp i mellomtrinnet kl. 16-18 og og ungdomsskulen 18-20.

Dette er eit kjempeflott tiltak som me håpar mange unge vil nytte seg av!

Informasjon om tilbodet finn du på klubben si Facebook-side og i aktivitetsskalenderen til kommunen.



KURS I KICKBOKSING

**Fredag 17. oktober og
laurdag 18.oktober arrangerer me
kickboksing- kurs på Nordbygda skule.**

Me har med oss dei same tre dyktige instruktørane
som var med oss i fjor på Sandnes:

Mariell Gaassand Straume - vunne EM-sølv,
VM-bronse, 6 worldcup-gull m.m.,
Christine Hagatun - vunne NM-gull,
gull-worldcup m.m.
Morten Saksvik - sportsleiar i Fana IL
- kickboksing

Dette er ei idrettsgrein me ikkje har tilbod om
i Masfjorden, og no har du sjansen å prøve ut
denne idretten.

I fjor var me 25 unge som deltok på kurset.
Me håpar å sjå alle saman igjen i tillegg til nye
deltakarar som har lyst å sjå kva denne idret-
ten går ut på. Alle som har lyst kan begynne
med kickboksing. Ein treng ikkje vere spesielt
trena, her er eigentrening i fokus.

Kurset er gratis for barn og unge og er for
mellomtrinnslevar og opp til 20 år+.
I fjor hadde me vaksne som hadde lyst å vere
med, det går heilt fint i år, og!
Det blir delt inn i aldersgrupper.
Utstyret har me, så alt du treng her er inne-
sko, gymkle og godt humør.

Det vert servert frukt og drikke.
Sit det nokon der ute og tenker at dette er ein
idrett eg kunne tenkt meg å lært meir om og
kanskje starta opp med i Masfjorden,
så ta kontakt med Kristin Rasch eller John
Torsvik.

Meir informasjon og påmelding kjem snart.



Tingingstransporten i Masfjorden starta opp igjen onsdag 3. september 2025

Masfjorden kommune har i nært samarbeid med
Masfjorden taxisentral fått på plass ny tingingstransport for eldre
innanfor kommunen sine grenser til og frå butikkane i kvar skulekrins.

Tilbodet gjeld:

Til/frå butikkar i Masfjorden kommune
i tidsrommet klokka 10 – 14
på følgjande dagar:

- Onsdagar i Matre skulekrins
- Torsdagar i Sandnes skulekrins
- Fredagar i Nordbygda skulekrins



Tingingsfrist, telefonar m.m.

Kvar brukar må inngå avtale med Masfjorden Taxisentral SA
innan klokka 16.00 dagen før køyreoppdraget.

Avtalen omfattar inntil 1 tur per veke per brukar,
og tilbodet gjeld i same skulekrins vedkomande bur i,
og på dei dagane som er skildra ovanfor.

Dei i Matre skulekrins må ringja tlf. 415 80 607
for å tinga tur.

Dei i Nordbygda skulekrins og Sandnes skulekrins
må ringja tlf. 995 09 700 for å tinga tur.

Kostnad mv.

Kvar brukar av tilbodet
om skyss må betale
eigendel på krone 50,-
per tur
(til og frå butikk er ein
tur) til drosjeselskapet.

AKTIVITETSVEKA 2025

Også i år vart det arrangert aktivitätsveke første veka i skuleferien. Me hadde 25 aktive og blide ungar med oss denne veka, som gjorde dette til ei minnerik veka. For ein flott gjeng!

I år hadde me også med oss seks superdyktige aktivitätsvertar. Nokre av desse ungdomane deltok i vår på leiarkurs for ungdom, i regi av Masfjorden idrettsråd og Vestland idrettskrets.

Kurset fekk dei nytte av no i aktivitätsveka. Ungdomane tok ansvar og gjorde til at det vart ei kjekk og trygg veka med mange varierte aktivitätsar som å male, bake, bade, fiske, leike, gå natursti, for å nemna noko.

I tillegg hadde me ein flott gjeng på kjøkkenet. Siste veka før sommarferien tok nokre av flyktningane som har språkopplæring jobben med å lage mat til heile aktivitätsveke-gjengen.

Nydeleg mat, som dei fekk mykje skryt av.

I sommar har Masfjorden tatt i mot tre nye flyktning-familiar med barn, og me fekk alle helse på dei. Det tok ikkje lang tid før nokre av dei hamna i matlaging på kjøkkenet, og nokre av barna sklei rett inn i aktivitätsane me hadde den dagen. Det var veldig kjekt å sjå!

Tusen takk til James Palmer som tok ein gjeng med seg på fising på Hosteland, det vart jo fangst, og! Masfjorden Taxi er som alltid på plass og med eit godt samarbeid. Det betyr mykje med god og trygg logistikk.

Takk for kjekke dagar ilag.

Tekst og foto (nede t.v.): Kristin Kvamme Rasch
Foto (nede t.h.): Ingvill Molland Hafsås



INFO FRÅ KULTURSKULEN

Eit nytt skuleår er kome godt i gang. I år er det vel 120 elevar som får opplæring. Dei fleste elevane får ei eller anna form for musikkopplæring, individuelt eller i grupper, men me har no også kunstgrupper på alle tre skulane. På Nordbygda får ni unge kunstspirar undervisning under kyndig rettleiing av Anne Marit Palmer. På Sandnes startar snart ei gruppe opp med kurs i biletskaping under leiing av Berit Lygre. Her er det plass til fleire, så ta kontakt med kulturskulen om du ønskjer å vera med. Kurset er for ungdomsskule og oppover og tek til 23.september. På Matre er ei gruppe med vaksne godt i gang med «Visuell kunst med skapande handverk». Lærar her er Vigdis Valde. Ho er ny lærar i kulturskulen. Så langt har gruppa fokusert på veving av ulike band i grindvev.



Elevopdrag

Mange spør om kulturskuleelevar kan underhalda på deira arrangement, og det synest me er kjekt, sjølv om det ikkje alltid klaffar. Elevar er faste bidragsytarar på eldrekafeane på sjukeheimen, på bok- og strikkekafeane på Nordbygda skule og på seniorsamlingane på Sandnes. Utover dette er det stadig vekk arrangement i bygdene som elevar deltek på som konsertar, basarar, markeringar mm.

Dei to siste åra har kulturskulen hatt suksess med «turneen» sin. Siste skuledagen i oktober er planen å leggja ut på årets turné, der ei elevgruppe besøker skulane i kommunen med eit spenstig og vakkert program. Konserten er open for alle, så hjarteleg velkomne! I november vert det lagt opp til opne skulekonsertar på alle skulane der elevane deltek i sin skulekrins.

Har du lyst til å begynna i kulturskulen?

Hovudopptaket av elevar skjer på vårparten, men me prøver å ta imot elevar elles i året også, så langt me greier, dersom du ikkje fekk meldt deg inn i vår. Informasjon om kulturskuletilbodet finn du på kommunen si heimeside. Ta berre kontakt!

kulturskulen@masfjorden.kommune.no

Ta berre kontakt!



OVER 500 GJEKK BJØRN WEST-MARSJEN



Strålende vær, mykje folk i løypene, mykje folk på arrangementa i Stordalen, naturglede, alvor for historia som er knytt til fjellstova og fjella ikring, flott korsong, viktige tankar frå presten, god mat, mange frivilljuge, kulturpris, gode samtalar og gamle kjende.

Dette er noko av det som oppsummerer Bjørn West-marsjen 2025.

Langtidsvarsel med gode meldingar gjorde sitt til at det igjen var over 500 som gjekk ei av dei to løypene. 298 den lange og 209 den korte.

Det er gledeleg. I tillegg var det ein god del som møtte opp til arrangementa ved fjellstova.

Det var gode tilhøve i løypene, og det vart ikkje registrert alvorlege skadar. Stemninga var god, og langs heile løypa var større og mindre grupper med turgåarar som anten koste seg med nistepakka, kaffi eller berre strekte seg godt ut og kvilte i lyngen.

Som vanleg var Nordhordland røde kors til stades.

Ekstra imponerende all den tid mange av dei hadde vore ute på redningsaksjon på Ådneburen store deler av natta.

I år gjekk politimeister Ane Kvaal marsjen med mange kollegaer. Distriktssjef i HV-09, Asbjørn Lysgård stilte også med fleire frå HV-09. Bjørn West Museet - Museum Vest hadde også i år ansvar for guiding gjennom den lange marsjen ved Arnold Matre og Geir Hitland. Dei hadde også fått med kunnskapsrike Per Helge Martinsen frå Bergen.

HV-09 har lang tradisjon med å ta del i Bjørn West-marsjen – både før og under. Innsatsstyrke Bjørn West arrangerte også Fredrik Kayser's minneløp – for 9. gong.

I Stordalen hadde prest Thorbjørn Sæle friluftsgudsteneste. Han hadde «sjølvsaft» gått den korte marsjen før seremonien.

Songkoret Spleis stor for den musikalske underhaldninga under leiing av Boris Kuprianov.

I forkant av minneseremonien vart Masfjorden kommune sin kulturpris delt ut. Det gleda nok mange at det var mangeårig «general» for Bjørn West-marsjen Birger Wergeland som fekk prisen. Har vore viktigaste grunnen til at Bjørn West-marsjen vart arrangert for 43`gong – og framleis er eit godt og aktuelt arrangement. Gratulerer Birger! Prisen vart utdelt av ordførar i Masfjorden Erlend Kvamsdal.

Til slutt var det minnetale og kransnedlegging ved ordførar Erlend Kvamsdal. Innsatsstyrke Bjørn West stod æresvakt.

Takk til Stordalen Fjellstove som alltid tek i mot alle på Bjørn West-marsjen med opne armar – og serverer gode kjøttkaker – nett slik åtte utsvoltne Bjørn West-karar fekk ein sein uværskveld i februar 1945.

Takk til bussjåførane som køyrde veteranbussane med stødige hender på smale fjellvegar.

Takk til dei friviljuge som held marsjen i gang, og i det stille gjer ein uvurderleg jobb frå tidleg morgon til seine kveld.

Det er i år 80 år sidan krigshandlinga rasa i Matrefjella, nett der over 500 marsjdeltakarar i

dag kunne gå med senka skuldre og nyta den spektakulære naturen, og nett her me har minneseremonien.

76 år gamle Torgeir Stordal vart skoten og brent i sin eigen heim - medan seks unge Bjørn West-soldatar vart drepne under kamphandlingane.

Det er også 80 år sidan me vann freden attende og 2. verdskrigen var over. Gleda var stor.

Med ei uroleg og uoversiktleg verd, er det viktigare enn nokon gong å stå opp for fred, fridom, demokrati, ytringsfridom, menneskerettar og menneskeverd. Det er kvar og ein av oss sitt ansvar.

Takk til dei som tok del og gjorde sitt til at den 43` Bjørn West-marsjen vart eit flott og verdig arrangement.

Velkomen attende til den 44`Bjørn West-marsjen 23. august 2026.

Tekst og foto: Arnold Matre - Bjørn West-museet.





KULTURPRISEN TIL BIRGER



Det var ein glad og rørt Birger Wergeland som fekk tildelt Masfjorden kommune sin kulturpris i samband med Bjørn West-marsjen på søndag.

- Eg er audmjuk og takksam, sa Birger i takketalen sin.

Ordførar Erlend Kvamsdal delte ut prisen og las opp grunngjevinga for tildelinga. Den kan du lesa her.

"Kandidaten har heilt frå si ungdomstid og gjennom eit langt liv bidrege mykje i frivillig arbeid på mange område.

I ungdomsåra og utover i vaksen alder var det fotball og idrettslag som fekk glede av hans bidrag. Vedkomande var ein god rettleiar og inspirator når fotballkampar i aldersbestemte klassar vart dømde. Prisvinnaren var og aktiv i idrettslaget, og særleg på arrangementssida.

Prisvinnaren har alltid vore lett å be, som er god å samarbeida med, men som og har sterke meiningar.

Namnet Bjørn West har ein sterk klang langt utover Masfjorden sine grenser. Det har det hatt heilt sidan det blei oppretta som ei avdeling i motstandsørsla i Masfjordfjella dei siste krigsåra 1944-1945. I dag er det idrettslaget, vegen inn til Stordalen Fjellstove, Bjørn West-museet, Bjørn West-marsjen, og ein innsatsstyrke i Heimevernet som ber dette namnet stolt vidare.

Bjørn West-museet har over år hatt eit styre. Årets kulturpriskandidat har vore aktiv styremedlem her dei siste 12 åra, dei fire første som representant for Masfjorden kommune, dei siste åtte åra i Muséum West som Masfjorden kommune sin representant der. Det er å merka at kulturpriskandidaten har delteke på mange møte utan noko godgjersle av noko slag.

Ei anna og sterk side av Bjørn West-namnet er den årlege Bjørn West-marsjen. Denne marsjen var kulturpriskandidaten med på å stifte den gongen Atle Bondevik starta det heile. Marsjen gjer ikkje seg sjølv, og mange er med å bidreg for at dette er ein verdig og fin minnemarkering for dei som deltok i motstandsørsla, og for dei som mista sitt liv i Masfjordfjella.

Dei siste 12 åra har priskandidaten og vore lei ar for denne marsjen. Her er det svært mykje som skal samordnast. Økonomi, sponsorar og andre bidragsytarar må på plass. Vera vertskap og ta imot veteranar og deira etterkommarar. Kulturprogram ved fjellstova. Løypene skal vera klarerte og førstehjelparane på plass. T-skjorter og premiar skal vera ordna. Stordalen Fjellstove og Bjørn West-muséet skal vera klare for innrykk.

Lista kunne vore lenger, men eg gir meg her. Som nemnd tidlegare er det mange som bidreg, men nokon må «sitja på toppen» og ha oversikt på at alt er på plass. Her er ein frivilligheit som det står respekt av. Mange tusen av oss har desse åra fått ein flott fjelltur og god oppleving gjennom Bjørn West-marsjen.

No har sikkert mange allereie skjønt kven som er prisvinnar. Det er ei stor ære for meg å få lov til å dela ut Masfjorden kommune sin Kulturpris 2025 til Birger Wergeland, ein sær verdig prisvinnar.

Masfjorden kommune gratulerer Birger Wergeland med Kulturprisen!

FINN EIN BEREDSKAPSVENN

Siste veka i oktober er det igjen tid for den nasjonale eigenberedskapsveka. Denne veka vert brukt til å informera innbyggjarar om korleis ein på best mogleg vis kan førebu seg på ein eventuell naudsituasjon.

Ein slik naudsituasjon kan til dømes vera ei stor naturhending, langvarig bortfall av straum og/eller vatn, pandemi, sabotasje og i verste fall krigshandlingar. I slike tilfelle er det viktig å ha tenkt på korleis ein skal klare seg, og ha sett over eigenberedskapen i heimen. Norske styresmakter tilrår at flest mogleg av oss er førebudde på å klare oss sjølve i ei veke.

Råd om eigenberedskapslager

- Få oversikt over det du har. Bruk gjerne vedlagt sjekkliste.
- Du treng ikkje ordna alt med ein gang. Dei fleste brukar tid på å bygga opp eit godt lager.
- Start med det viktigaste; vatn og varme.
- Skaff deg ein beredskapsvenn som du kan planlegga saman med.
- Gå gjennom beredskapslageret ditt minst ein gong i året.

Beredskapsvenn er ein person du har avtale med om å hjelpa kvarandre i ein krisesituasjon.

Alle innbyggjarar i Noreg vert oppmoda til å skaffa seg ein beredskapsvenn, ein alliert i krise.

Dersom du til dømes har tilgang på vedfyring kan du avtala med naboen som kanskje berre har elektrisk oppvarming. Dersom krise varer over fleire dagar kan det vera avgjerande å ha nokon som sjekkar inn, kanskje særleg om ein er eldre eller sjuk. Meir informasjon om eigenberedskap finn du på Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) www.dsb.no



Sjekkliste for eigenberedskap

Under finn du døme på ting det er lurt å ha heime. Du bør med jamne mellomrom gå gjennom behova dine og oppdatere lageret ditt. Hugs at det er fint mogleg å samarbeide med familie, vennar og naboar om eigenberedskap.

Mat og vatn

- ☐ Reint drikkevatt lagra på dunkar eller flasker.
- ☐ Mat som toler å bli lagra i romtemperatur.
- ☐ Grill, kokeapparat eller stormkjøken.
- ☐ Ekstra gassbeholdar eller brennstoff.
- ☐ Mat og vatn til kjæledyr.
- ☐ Litt kontantar og fleire betalingskort.

Varme og lys

- ☐ Varme klede og pledd, dyner eller soveposar.
- ☐ Fyrstikker og stearinlys.
- ☐ Ved – dersom du har vedovn eller peis.
- ☐ Gass- eller parafinovn som er berekna på bruk innandørs.
- ☐ Avtale om overnatting.
- ☐ Lommelykter eller hovudlykter som går på batteri, sveiv eller solceller.

Informasjon

- ☐ DAB-radio som går på batteri, sveiv eller solceller.
- ☐ Batteri og opplada batteribank.
- ☐ Liste på papir med viktige telefonnummer som til dømes naudnummer og nummera til legevakst, veterinær, familie, vennar og naboar.

Legemiddel og hygiene

- ☐ Legemiddel og førstehjelpsutstyr.
- ☐ Jodtablettar (gjeld barn og vaksne under 40 år, gravide og ammande).
- ☐ Hygieneartiklar i form av våtserviettar, handsprit, bleier, toalettpapir, bind og tampongar.




Tekst: Sigrun Haugsdal Reknes




STORTINGSVALET 2025

RESULTAT FRÅ MASFJORDEN



Frammøteprosent



Tal på førehandsrøyster



1 240

Tal på personar med røyterett

Partinamn:	Oppslutning i prosent	Tal på røyster	Endrig siste stortingsval (prosentpoeng)
Fremskrittspartiet	29,3	308	+ 16,1
Arbeiderpartiet	23,3	245	+ 3,1
Høyre	15,0	158	- 5,5
Senterpartiet	13,9	146	- 16,7
Rødt	4,5	47	+ 2,2
Kristelig Folkeparti	3,9	41	- 1,3
SV - Sosialistisk Venstreparti	2,5	26	- 0,4
Miljøpartiet De Grønne	1,6	17	+ 0,7
Venstre	1,4	15	+ 0,3
Norgesdemokratene	1,0	10	+ 0,2
Industri- og Næringspartiet	0,8	8	- 0,2
Pensjonistpartiet	0,8	8	+ 0,5
Generasjonspartiet	0,7	7	+ 0,7
Konservativt	0,7	7	+ 0,2
Fred og Rettferdighet (FOR)	0,5	5	+ 0,5
Partiet DNI	0,1	1	+ 0,1
Partiet Sentrum	0,1	1	+0,1
Velferd og Innovasjonspartiet	0,1	1	- 0,1



1 060

Mottekne røystesetlar



1 051

Partifordelte røystesetlar



7

Blanke røystesetlar



2

Forkasta røystesetlar

KONTAKTINFORMASJON



MASFJORDEN KOMMUNE

Telefon: 56 16 62 00

Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:

Masfjorden kommune

Austfjordvegen 2724

5981 MASFJORDNES

www.masfjorden.kommune.no

KYRKJA

Tlf. 56 16 62 61

e-post: post@kyrkjaimasfjorden.no

Kyrkjevevje: Eli Eidsnes

Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515

E-post kyrkjevevja@kyrkjaimasfjorden.no

Sokneprest: Torbjørn Sæle

Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685

E-post: torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no

Sekretær/kyrkjetenar Frøyset: Tetiana Puliaieva

Tlf. 56166269/925 15 855

E-post: tetiana.puliaieva@kyrkjaimasfjorden.no

FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

Bladet skal vera klart til utsending

10 dagar etter fristane:

18.11, 03.02, 17.03, 02.06

Notér datoen i årshjulet

for organisasjon din.

Få med både førehandsomtale
og del gjerne bilete og minneverdige
stunder frå hendinga i etterkant,
slik at folk i bygdene kan få
eit innblikk i det som skjer.

ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

frank.kvinge@masfjorden.kommune.no

mary.hope@masfjorden.kommune.no

[sigrun.haugsdal.reknes@](mailto:sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no)

masfjorden.kommune.no

torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no

eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no

Formgjeving: Mary Hope

Organist: Boris Kuprijanov

Tlf. 920 60 993

E-post: kuprbor@gmail.com

Konfirmantmedarbeidar:

Halvard Werner Gullaksen,

Tlf.: 902 14 307

E-post: [halvard.werner.gullaksen@](mailto:halvard.werner.gullaksen@kyrkjaimasfjorden.no)

kyrkjaimasfjorden.no

Kyrkjegardsarbeidar: Remi Kallekleiv

Tlf. 941 43 716

www.masfjorden.kyrkja.no

Vipps Masfjorden sokn: 620513